



Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
201012697-5/343/TALHALS

Dykkar ref.:
12/1863-

Bergen, 02. april 2013

Havvind - Strategisk konsekvensutgreiing - fråsegn Hordaland fylkeskommune

Vi viser til brev dagsett 4. januar d.å. der Hordaland fylkeskommune er beden om å gje fråsegn til den strategiske konsekvensutgreiinga for havvind.

Fylkesutvalet i Hordaland handsama sak 82/13 i møte 21. mars og vedtok følgjande fråsegn:

- 1. Fylkesutvalet meiner det er bra at det vert rydda veg for framtidig fornybarsatsing ved at det er gjort ei førehandsvurdering av dei mest aktuelle områda for havvind langs Norskekysten.*
- 2. Då høyringa berre gjeld områda utom Hordaland har vi ikkje faglege merknader til desse.*
- 3. Havvind har eit stort potensial både som energikjelde og som næring. Noreg har med sin store offshorekompetanse ein særleg føremon, men det vil ta tid før havvind vert konkurransedyktig med annan tradisjonell fornybar energi som vasskraft. Det er difor viktig at Stortinget og Regjeringa etablerer rammevilkår som gjer utbygging av vindkraft mogleg i norske havområde.*

Vedlagt følgjer kopi av saksframlegg og protokoll.

Venleg helsing

Gudrun Mathisen
Klima- og naturressurssjef

Tale Halsør
Rådgjevar

Vedlegg: *Havvind – strategisk konsekvensutgreiing – fråsegn Hordaland fylkeskommune.*
Saksframlegg og protokoll.